

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte:	4/2013
Tid:	Fredag 26. april kl. 09:00 – 13:00
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Kristin Handeland, Hallvard Oppedal, Knut Moe, May Eva Sandvik (varaordfører Lindås kommune)
Rådmenn:	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Vidar Bråthen, Reidun Halland
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Kari E. Natland, Bård Sandal og Marta Dixon (sak 44/13 og 45/13)
Forfall:	Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes

Sak 41/13	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 42/13	Godkjenning møteprotokoll frå møte 3/2013 Møteprotokollen frå møte 3/2013 vart godkjent utan merknadar.
Sak 43/13	Status oppfølgingsaker Kjapp gjennomgang.
Sak 44/13	Nasjonal reiselivsstrategi - informasjon om arbeidet som no skjer i regi av den nasjonale strategien. (vedlegg 44/13). Marta Dixon, Hordaland fylkeskommune gav ei fyldig og interessant orientering om status for reiselivet i Hordaland og korleis fylkeskommunen ser for seg utviklinga av bransjen i tida framover. Ho peika på at reiselivsbransjen er verdas raskaste voksende næring, og at mange kvinner jobbar her. I dag er det 410 reiselivsorganisasjonar i landet og det er trong for strukturendringar for å få meir effekt av pengane som blir sprøyta inn i systemet. Samspelet mellom næringa og kommunane vil vera heilt avgjerande framover – og det er særdeles viktig å ha fokus på kompetanse og kompetanseutvikling. Det kan ikkje vera slik at ein kan setja kven som helst til å jobba med reiseliv m.v. – det er eit fag. Ho kom med tankar om utvikling av reiselivet i framtida, og vil bl.a. invitera Regionrådet / NUI inn i ei arbeidsgruppe som skal jobba med strategiar for det vidare arbeidet med reiseliv i fylket. Sjå elles vedlagte presentasjon.
Sak 45/13	Regional utvikling – informasjon frå fylkeshuset. Dialog. (vedlegg 45/13) Rune Heradstveit hadde fyrst ein kort presentasjon av regionen og satsingsområd. (sjå vedlegg 45/13).

	<p>Regionaldirektør Bård Sandal takka for at han vart invitert til møtet. Han kjenner kommunane i fylket - og denne regionen rimeleg godt frå tidlegare. Han viste til at fylkeskommunen (HFK) har ein heilt ny leiing, og at hovudfokus kom til å vera på samhandling med regionane og kommunane i 2013/14. Hordaland er eit innovativt fylke med gode offentlege tenester, og han oppfordra kommunane til å verta endå betre på det dei allereie er gode på.</p> <p>Sandal viste til regional næringsplan som skal vera styrande i forhold til korleis HFK brukar pengane. Ei utfordring for Hordaland er at det er eit departementalt fokus på ein-sidig næringsliv og fråflytting m.v., men ikkje på kommunar og regionar med voksesmerter. Han har fremja ei sak politisk i HFK i forhold til å tenkja nytt korleis ein nyttar midlar som verktøy.</p> <p>Det er stilt 8,5 mill. til disposisjon gjennom RUP-programmet, men det var overraskande få søknadar. Dette kan skuldast krav et til medfinansiering av prosjekta. Gjennom strategisk næringsplan for Bergensregionen stiller HFK årleg 5 mill. til disposisjon, dei ynskjer derfor å stilla sterkare krav til BRB vedr. bruken av desse midlane.</p> <p>Sandal peika på behovet for forskning og kompetanseheving – t.d. forskning på risiko og sårbarheit. Fylkeskommunane eig 49 % av Innovasjon Norge og har tett samarbeid med dei. Det er ein stor utfordring og ikkje la private interesser styre samfunnsutviklinga, men det offentlege jobbar strategisk med dette i samspelt med andre.</p> <p>Sandal var veldig imponert over innsatsen som har vore for å berga vidaregåande skular rundt i distrikta – også i Nordhordland, og han peika på det gode samspelet mellom det offentlege og næring.</p> <p>Det var så diskusjon og spørsmålsrunde. Bl.a. viste Nils Marton Aadland til at Nærings- og samferdsleutvalet i regionen har sendt høyringsuttale til Regional næringsplan der me blant anna tok opp at regionen får veldig liten årleg påfyll av skjønsmidlar og regionen ber derfor om at HFK vurderer kriteria på nytt.</p> <p>Sjå vedlagte presentasjon.</p>
<p>Sak 46/13</p>	<p>Status «Nordhordlandspakken – E39 Bergen – Nordhordland»</p> <p>Jon Askeland informerte kort om status og at det ikkje har vore styremøte etter at NTP vart lagt fram, dette er fyrst 6. mai. Ein kan derfor ikkje seia noko om kva styret ser for seg no etter NTP-framlegginga. Det kan vera aktuelt med orienteringsmøte for ordførarane i etterkant av dette styremøtet. Pakken ligg i del to av NTP, og målet må vera å få start tidlegare. Ei utfordring vil då vera planleggingskapasiteten hos Statens vegvesen, både menneskelege og økonomiske ressursar. Målet må no vera å finna ressursar til dette, og det jobbar fleire med. Ein jobbar også med å få til ein komitémerknad ved handsaminga av NTP gjeldande E39-prosjektet Nyborg-Klauvaneset.</p>
<p>Sak 47/13</p>	<p>K-fond (vedlegg 47/13)</p> <p>Nils Marton Aadland viste til vedlegg 47/13 og saksutgreiing og forslag til vedtak som ligg der.</p> <p>Regionrådet vedtok dette:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Regionrådet løyver 200 000,- frå kompensasjonsfondet til Nordhordlandspakken AS for drift av selskapet i 2013 2. I sak F 130/03 får Austrheim kommune godkjent eit tilskot på inntil kr. 1 071 287,- tilsvarende 50 % av ny kostnad- og finansieringsplan. Det er utbetalt kr. 520 645,- og restsummen, kr. 520 645,- kan utbetalast når sluttrapport og godkjend rekneskap frå revisor ligg føre. Frist for sluttrapportering er sett til 15. oktober 2013. 3. Søknaden om inntil kr. 50 000,- til «Kystvegen Ålesund – Bergen» vert avslått. Regionrådet

	<p>ser positivt på dette samferdsleprosjektet for kysten, men har ikkje midlar att i kompensasjonsfondet til å kunne prioritere tiltaket.</p> <p>4. Søknaden om midlar til Tømmerkai på Eidsnes vert avslått. Regionrådet ser positivt på prosjektet, men har ikkje midlar att i kompensasjonsfondet til å kunne prioritere tiltaket. Det nye framlegget til NTP gjev mulegheiter for meir finansiering. Det er større vilje til å satsa langt meir på sjøtransport og utbygging av tømmerkaier nasjonalt. Regionrådet vil også følgja opp saka vidare.</p>
<p>Sak 48/13</p>	<p>Status saker NUI (Helsehus, kommunestruktur, biosfære m.m.) Rune Heradstveit orienterte om desse sakene - sjå vedlegg 48/13.</p> <p>Status helsehus. Arbeidet med å svara på spørsmåla frå kommunestyret i Lindås er organisert i ei prosjektgruppe og tre arbeidsgrupper. Prosjektgruppa er dagleg leiar sitt verktøy og skal ha fokus på kvalitetssikring og framdrift av prosessen. Her har med oss representantar frå Helse Bergen HF, Lindås kommune og dei andre kommunane. Arbeidsgruppe 1 – som er OPUS Bergen AS - skal vurdera nærare rangera ulike tomtealternativ og bygg i Knarvik for lokalisering av nytt Helsehus. Arbeidsgruppe 2 skal sjå på drift, innhald og synergjar – intensjonsavtalar, romprogram, funksjonsbeskrivelse / kravspec, driftsformer og arbeidsgruppe 3 skal vurdera økonomiske modellar, fordeling av husleigekostnader, felleskostnader m.v. samt vurdera eigarformer og evt. driftsansvar for bygget og enkelte administrative tenester.</p> <p>Kommunestruktur. Telemarksforsking (i lag med Ernst & Young og Asplan Viak) har fått jobben med å oppdatere 2006-rapporten til «2013-versjon». Rapporten skal leverast medio juni.</p> <p>Skjønsmidlar. Kort gjennomgang av kva skjønsmidlar regionen har fått frå fylkesmannen til ulike prosjekt. Midlane kom i sist veke så ein har ikkje fått vurdert nærare korleis ein organiserer vidare oppfylging av korleis midlane skal brukast m.v.</p> <p>Biosfære. Viser til vedtak i Regionrådet 2/2013. Avtalen er klar til underskrift. Biosfære fekk ikkje skjønsmidlar frå fylkesmannen - uvisst av kva grunn. Foreløpig har me heller ikkje fått midlar frå fylkeskommunen. Veggen vidare må vurderast nærare med bakgrunn i dette. Dagleg leiar påpeika at prosjektet nok ikkje er levedyktig utan at me har med fylkesmann / fylkeskommune, og tilrår at Regionrådet tek initiativ til eit møte med fylkesmann og fylkesrådmann saman med UIB. Regionrådet var enige i dette, og NUI initierer i fyrste omgang eit planleggingsmøte med Petter Emil Kaland for å planlegga eit møte med fylkesmann / fylkesrådmann. Hallvard Oppedal opprettar dialog med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.</p> <p>Diverse. NUI får på vegne av Regionrådet ein del søknadar om t.d. kulturmidlar. Dessverre har NUI ikkje midlar til dette, fonda er veldig små, og det ligg heller ikkje i statuttane til td. Regionalt næringsfond at midlar kan brukast til kultur og liknande.</p> <p>Dagleg leiar gav ei kort orientering om status for Strategisk nærings- og samfunnsutviklingsplan. Der fekk me gledeleg nok skjønsmidlar både frå fylkesmannen og fylkeskommunen og me jobbar no med innretting av prosjektet.</p>
<p>Sak 49/13</p>	<p>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur). Helse. Utover statusorientering om helsehus var det ikkje nytt å melda.</p>

	<p>Næring- og samferdsle. Viser til sak 47/13 og utover dette at utvalet har sendt høringsbrevet vedr. Næringsplan til fylkeskommunen.</p> <p>Kultur. Ikkje noko spesielt å nemna utover det som er nemnt om biosfære.</p>
Sak 50/13	Meldingar og eventuelt
	<p>Sommar stenging av Nordhordland trafikkstasjon (vedlegg 50/13) Jon Askeland delte ut skriv frå Aktiv Trafikkopplæring vedr. sommarstenging av Nordhordland trafikkstasjon. Her er det viktig med god dialog, og det er lurt å koma i dialog med vegstasjonen før ein eventuell uttale. NUI og rådsleiar fylgjer opp saka.</p>
	<p>Nordhordlandslaget Jon Askeland orienterte om at Knut Moe har vore i kontakt med Norwegian Roots DA med tanke på å laga eit felles reiseopplegg som folk kan melda seg på. Ein vurderer elles om Regionrådet skal prøva å senda ein representant som representerer regionen i jubileet.</p>
	<p>Sparebanken Vest og minibankar. Kristin Handeland og Vidar Braathen orienterte kort om at Sparebanken Vest er i ferd med å fjerna minibanken på Fedje, og uttrykte sterk misnøye med dette. Også i Masfjorden og andre steder er minibankane på veg bort, bl.a. forsvann to på Osterøy for eit par veker sidan.</p>
	<p>Neste møte:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Torsdag 13. juli kl. 15:00, Skjerjehamn, Gulen. Møtet er også fredag 14. juni.

Knarvik 15. mai 2013

Jon Askeland (sign)
Leiar Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)
Dagleg leiar Nordhordland Utviklingssekskap IKS

Vedlegg:

- Sak 44/13: Organisering av reiselivet i Hordaland 2013
- Sak 45/13: Regional utvikling - status NUI
- Sak 45/13: HFK og næringsutvikling
- Sak 47/13: Saker til kompensasjonsfondet
- Sak 47/13: Kompensasjonsfondet - vedlegg Nordhordlandspakken
- Sak 48/13: Status NUI
- Sak 50/13: Skriv vedr Nordhordland trafikkstasjon